

HANDBALLGRUPPA
BERGSØY IL


ÅRSMELDING

SESONGEN 1993-94



ORGANISASJONSPLAN

BERGSØY IL HANDBALLGRUPPA



TILLITSVALDE 1993-94

STYRET

Astrid Jensen	leiar
Martin Slåttelid	ansv. junior
Kristin Leine	sekretær
Adolf Dypvik	kasserar
Norunn Remøy	styrem.
Anne Grete Nilsen	styrem.
Marvin Skuggen	styrem.
Åge Remøy	varam.
Kjell Nørvåg	varam.

ØKONOMIGRUPPE

Stig Vestnes	reknesk.
Kjell Nørvåg	losseansv.
Norunn Remøy	lotteriansv.
Åge Remøy	sponsoransv.

FORELDREGRUPPE

Ingvild Stokseth
 Oddbjørg Valø
 Ingunn SørDAL
 Janne Hjorthaug
 Elisabeth Teige
 Aud Sølvi Hjelmeseth
 Lillian Kvalsund

CUPNEMND

Astrid Jensen
 Martin Slåttelid
 Stig Vestnes
 Rolf Harsvik
 Bård Kvalsund

HANDLINGSPLAN HANDBALL 1993-94

SPORTSLEG MALSETJING

ADMINISTRATIV MALSETJING

- a. Gjennomføring av ny styrestruktur
- b. Oppretthalde/vidareutvikle aktiviteten i gruppa
- c. Betre kampannangement
- d. Driftsresultat i balanse

VIRKEMIDDEL

- a. Delegering av arb./ansvarsoppgåver
 - Auka styremedl. ansvar
 - Velje ny foreldregruppe, seje henne i arbeid
 - Handlingsplan
 - Aktivitetsplan
 - Tempoplan, oftare styremøte
 - Ta del i SHK sitt klubb utviklingsstilbod
- b. Opprette nemnder/grupper
 - Jobbe meir målretta med arrangement vi har
 - Vurdere nye aktivitetar/tiltak
 - Gjere arbeidet lystbetont
- c. Ei aktiv cupnemnd
 - Skaffe cupsponsor
 - Meir PR for cupane våre
- d. God/streng rekneskapskontroll
 - innkjøpsansvarleg
 - Lossing, meir foreldredeltaking på lossing
 - God planlegging lotteri, "sejleplikt"
 - Jobbe med å få publikum på kampane
 - PR-ansvarleg
 - Måltips, gratislotteri på kampane

- a. Eit herrelag i 3. divisjon - god plassering
- b. Eit damelag i 4. divisjon - blant dei 4 beste i avdelinga
- c. Oppretthalde aktiviteten på dei aldersbestemte laga
- d. Gutelaga - rekruttering
- e. Høgre nivå J/G 14-16 år
- f. Auke/betre trenarstallen
- g. 2-4 nye dommarar
- h. Funksjonsdyktige oppmenn

VIRKEMIDDEL

- a/b. Skaffe "god" trenar
 - Spelar kontrakter ang. treningsserisitet/arb. oppgåver
 - Søkje treningsløyve hall, sommarhalvåret D/H og J/G 16
 - Arrangere treningskampar
 - "Gjestetrenarar" - økter for D/H og J/G 16
 - Velje sportsleg utval
 - Samarb. andre klubbar - spelartilgong
 - Reiseutg. dekning for ev. spelarar
- c/d. To styremedlemmer hovudansvar aldersbestemte lag
 - Foreldrekontakt oppmenn/styre - foreldregruppe
 - Skaffe oppmenn som jobbar aktivt, klare arb. oppgåver
 - "Gulrot" - delta på populære cupar, Hamarcup i aug.
 - Handballinformasjon til skulane, ved plakatar, oppslag
 - PR i Vestlandsnytt
 - Sosialt samvær for laga
- e/f. Kontakte H3/D4 om trenarproblem
 - Trenarkurs - trenarlønn - gi trenarane status
 - Dommarkurs - gi dei utstyr - høyne status
 - Trenarforum/dommarforum

STYRET

Styret har i sesongen 01.05.93 til 01.05.94 hatt 12 styremøte og handsama 45 saker. Styret har for første gong sett opp ein handlingsplan. Denne planen har vore oppe til vurdering på mest kvart styremøte.

Styret har jobba med å utføre dei virkemidla som vart oppsette, for å nå dei administrative og sportslege mål gruppa vedtok i handlingsplanen. Styret meiner å ha nådd dei fleste av måla.

Ved sida av den vedtekne aktivitetsplanen, har gruppa gjennomført eit klubbutviklingskurs, i regi av Sunnmøre handballkrets. Kursleiar var Jostein Solevoll, og 20-25

tillitsfolk frå ulike felt i handballgruppa har vore med på 7 klubbmøtekurs. I løpet av desse kursa, har gruppa laga ny klubborganisasjonsplan, med arbeidsinstruksar for kvar einskild tillitsvald.

SERIEN

Handballgruppa har hatt 9 lag med i serien denne sesongen. Vi har hatt 7 aldersbestemte lag med i serie, 2 gutelag og 5 jentelag. Vi har og hatt tilbod om minihandball, og i løpet av serien fekk vi i gong treningstilbod for gutar i alderen 10-12 år.

På seniorsida har vi hatt 1 herrelag og 1 damelag med i serien. Herrelaget fekk også i år ein 7. plass i 3. divisjon, det kvalifiserte til nok ein sesong i 3. divisjon etter det nye divisjonssystemet i Norges handballforbund.

Damelaget gjorde det sterkt i si gruppe i 4. divisjon. Dei oppnådde ein sterk 2. plass etter Ørsta, og det heldt til opprykk til 3. divisjon etter det nye spelesystemet.

Av andre serieresultat vil vi nemne J16 og J14. Begge jentelaga kvalifiserte seg for sluttspel om krets-meistertittelen.

Etter sluttspelet i Sulahallen, endte J16 på ein 4.plass.

J14 sitt sluttspel vart arrangert i Herøyhallen, og J14 tapte finalen med berre 1 mål.

Flott innsats, jenter!

SPORTSLEGE ARRANGEMENT

Etter vår aktivitetsplan skulle vi arrangere seniorcup i juni-93, og Sparebankcup for aldersbestemte lag i sept. 94.

Ingen av desse cupane vart arrangerte, grunna lita påmelding.

I handlingsplanen hadde vi vedteke å jobbe betre i cupnemnda, med håp om å kunne få cupane i gong att neste sesong.

Vi arrangerte minihandballturnering 26. nov.93, med stor deltaking. Heile 24 lag, med rundt 200 aktive møtte opp i Herøyhallen. Flott PR for handballen!

Vi arrangerte som nemnt sluttspel J14, i Herøyhallen 12. og 13.mars 94. Det deltok 6 jentelag, dei 4 beste frå pulje A og dei 2 beste frå pulje B.

FINALEKAMPAR

TABELL

Langevåg - Bergsøy 16-15	1.Langevåg	4.Spjelkavik
Herd - Spjelkavik 10- 9	2.Bergsøy	5.Blindheim
Blindheim - Haram 8- 7	3.Herd	6.Haram

DELTAKING PÅ TURNERINGAR

Eit av virkemidla i den sportslege målsetjinga, var å reise på cupar, gjerne atraktive turneringar.

Det å reise på cup er utviklande for eit lag, både sosialt og sportsleg.

Handballgruppa starta ny sesong med stor-tur for dei aldersbestemte laga. Siste helga i august, like før serie-start, reiste J14, J16, G14 og G16 til Hamar. Dette var ein stor cup, med 121 påmelde lag, og kamparrangementa var fordelte i 4 hallar. J14 gjorde det best av dei 4 laga, dei vann B-finalen.

J10, J12, og G12 reiste på cup til Stranda,

Denne cupen hadde eit spanande opplegg, med skitur på Stranda-fjellet og symjing i basseng, i tillegg til handballkampar.

J14 valde å reise på cup aleine. Dei reiste til Florø, 9. og 10. april, der dei deltok på Combi-cup. Jentene var ikkje snauare enn at dei gjekk til topps i turneringa. Dei slo Bergens-laget Åsane 14-10 i ein spanande finale. Godt gjort, jenter!

J16, G14 og G16 reiste i tradisjonens tru til Åndalsnes på cup, siste helga i april. Det er 5. året på rad Bergsøy deltek i cup her.

J16 tapte finalen etter "sudden death" mot Molde, og det var eit skuffa Bergsøy-lag som gjekk av bana med 7-6 tap.

Senior-laga starta haustsesongen med å delta i 2 cupar, dei to siste helgane i august. Først ut var Kristiansund-cup, med heile 10 herrelag og 10 damelag som deltok. Begge Bergsøy-laga greidde seg bra, både herrelaget og damelaget kom til semi-finale. Herrane tapte her mot Molde, og det same gjorde damene mot Leksvik.

Den siste helga i august reiste Bergsøy til Spjelkavik. Her tapte herrelaget mot Rollon i finalen, damene kom ikkje til sluttspel.

ANNAN SPORTSLEG DELTAKING

Desse spelarane har delteke på kretsen sine LUM- og kretslags-samlingar: Elisabeth Nørvåg, Silje Nørvåg, Jan-Erik Myrseth, Antoni Vike Danielsen, Stian Yndestad, Janne Remøy, Unn Ryan, Rita Valø, Agathe Teige, Tor Christian Holmesland, Trygve Valø, Dag Are Nilsen, Stian Garvik Rødseth, Jon Robert Håheim.

Bodil Notøy har og denne sesongen sete som styremedlem i Sunnmøre handballkrets.

SPORTSLEG SATSING

Denne sesongen har handballgruppa inngått trenarkontrakt med Tor-Sindre Steinsvik. Saman med seg har han hatt Bodil Notøy som oppmann for herrane, og Rune Notøy som oppmann for damene.

Vi har vore godt nøgd med denne trenar-ordninga, både frå styret si side og frå spelarane si side. Vi vil fornye kontrakta til komande sesong.

På spelarsida har vi satsa på "pendling", både av herre-spelarar og damespelarar. Vi fekk i stand reiseavtalar med spelarar som gjekk på skule i Volda, Ålesund, Åndalsnes og Molde. På den måten greidde vi halde på spelarane frå i fjor, og det styrka det sportslege nivået på laga.

På gutesida greidde vi starte opp eit 12-års lag igjen, etter at vi trekte laget ved sesongstart. Laget spelte ikkje serie, men fekk vere med på Stranda-cup. I eit så stort idrettslag som Bergsøy IL, burde det vere rom for både gutehandball og gutefotball. Her etterlyser vi betre samarbeid.

Handballgruppa satsar og på kurs, både på dommarsida og trenarsida. Denne sesongen har Bergsøy hatt 6 påmelde dommarar, som har dømt seriekampar for Sunnmøre handballkrets.

På klubbnivå var vi denne sesongen ein av dei klubbane som satsa sterkest på dommarsida. Desse dommarane har vore med i serien 1993/94: Tor Christian Holmesland, Antoni Vike Danielsen, Eivind Inge Leine, Morten Digernes, Jan Erik Myrseth og Stian Garvik Rødseth.

I år reiste 4 av dei eldste trenarane til Hamar, der dei deltok i Norges handballforbund sin handballskule. Eit svært bra opplegg, som ga meirsmak.

Elles har handballgruppa satsa sterkt på å gjennomføre ny styrestruktur. Styret har nytta våren til å få fleire tillitsvalde på plass i dei ulike verva i den nye arbeidsplanen.

ØKONOMI

Handballgruppa køyrer framleis stramt når det gjeld økonomi, med streng rekneskapskontroll og stram innkjøpsramme. Vi har denne sesongen eit driftsoverskot på 50.687 kr. Gjelda til Herøy kommune skal vere nedbetalt i februar 1995. Vi er stolte av å ha greidd nedbetalingsavtalen vår.

Rekneskapen for sesongen 1993/94 syner ein eigenkapital pr.30.04.94 med ein underbalanse på knapt 9.500 kr. Samanliknar vi dette med eigenkapitalen pr. 30.04.93, som syner ein underbalanse på vel 60.000 kr, ser vi ei svært positiv utvikling.

Dei største inntektskjeldene denne sesongen har vore lossing, kampkiosksal, moteshow og lotteri. Det ser ut som idretten er avhengig av losseinntekter. Elles inngjekk vi samarbeid med Piaf modellar i Ålesund, når det galdt moteshowet våren 1994. Det viste seg å vere brukbart. Vi har utvida samarbeidet for komande show og.

Av større driftskostnader vil vi nemne trenarutgifter, reiseutgifter, dommar- og kretsutgifter, leige av lokale.

Vi viser elles til rekneskapen som blir lagt fram.

SPONSORSTØTTE

Vår hovudsponsor for dei aldersbestemte laga er Sparebanken Møre.

Andre sponsorar: REMØY TRADING, HERØY BÅTTRYGDELAG, SÆVIK SUPPLY, REMØY MANAGEMENT.

FORELDREGRUPPE

Denne sesongen har vi fått 7 personar til å vere med i foreldregruppa. Hovudansvaret deira har vore kioskalet ved kamparrangementa i Herøyhallen. Styret har sett opp foreldrearbeidslistar ved alle arrangementa. Foreldregruppa har hatt ansvar for kampdagen, etter tur. Dette har fungert svært bra.

Gruppa har elles hatt ansvar for kafesal ved dei andre arrangementa handballgruppa har hatt.

TAKK

Som leiar i handballgruppa vil eg rette ei takk til dei tillitsvalde i styret for sesongen 1993/94. Takk til aktive, trenarar, oppmenn, foreldre og alle andre for den innsatsen dei har gjort.

Styret rettar og ei takk til alle andre støttespelarar som har vore med og hjulpet oss denne sesongen.

Takk til Herøy kommune, Herøy kulturhus, forretningsstanden i Fosnavåg og på

Eggesbønes.

Takk til bankar og bedrifter som har gitt oss støtte.

Stor takk til heimepublikumet vårt!

Eg vil til slutt ynskje det nye styret i handballgruppa til lukke med arbeidet i den nysesongen,.

Leinøy, den 30.04.94

Astrid Jensen

Astrid Jensen

leiar

SERIRESULTAT 1993-94

3. DIV. MENN AVD. E:

1. Molde	22	21	1	0	682 - 462	43
2. NTHI	22	17	1	4	552 - 450	35
3. Heimdal	22	16	2	4	566 - 424	34
4. Mosjøen	22	13	2	7	482 - 469	28
5. Malvik	22	12	1	9	566 - 574	25
6. Gauldal	22	10	1	11	479 - 486	21
7. Bergsøy	22	9	0	13	463 - 492	18
8. Skogn	22	8	1	13	487 - 524	17
9. Rørvik	22	7	2	13	475 - 526	16
10. Spjelkavik	22	5	2	15	405 - 493	12
11. Stjørdals-Blink	22	5	0	17	404 - 540	10
12. Volda	22	2	1	19	418 - 539	5

Trenar: Tor Sindre Steinsvik Oppmann: Bodil Notøy

4. DIV. KVINNER AVD. 10:

1. Ørsta	18	15	1	2	478 - 307	31
2. Bergsøy	18	14	0	4	407 - 282	28
3. Stranda	18	12	1	5	408 - 351	25
4. Isfjorden	18	9	2	7	348 - 324	20
5. Stryn	18	7	1	10	351 - 343	15
6. Hovdebygda	18	7	1	10	372 - 435	15
7. Åndalsnes	18	6	1	11	327 - 401	13
8. Clausenengen	18	5	3	10	330 - 419	13
9. HSH-89	18	5	1	12	325 - 382	11
10. Rollon	18	4	1	13	290 - 392	9

Trenar: Tor Sindre Steinsvik Oppmann: Rune Notøy

jenter 16

avdeling A

1.	Spjelkavik	16	15	0	1	316 - 167	30
2.	Fiskerstrand	16	11	1	4	291 - 203	23
3.	Bergsøy	16	10	1	5	287 - 243	21
4.	Rollon	16	9	2	5	287 - 187	20
5.	Stranda	16	9	2	5	278 - 214	20
6.	Mork	16	8	2	6	264 - 235	18
7.	Sæbø	16	4	0	12	200 - 306	8
8.	Blindheim	16	2	0	14	128 - 322	4
9.	Ørsta	16	0	0	16	158 - 332	0

Vinner av sluttspillet: Spjelkavik - kretsmester.

Trenar: Ruth Frøystad

jenter 14

avdeling A

1	Langevåg	20	19	0	1	305 - 183	38
2	Spjelkavik	20	14	2	4	262 - 163	30
3	Bergsøy	20	14	1	5	304 - 207	29
4	Herd	20	14	1	5	258 - 224	29
5	Valder	20	13	1	6	266 - 215	27
6	Mork	20	8	3	9	222 - 240	19
7	Rollon	20	8	0	12	235 - 212	16
8	Blindheim	20	5	1	14	145 - 222	11
9	Stranda	20	4	2	14	237 - 262	10
10	Volda	20	4	1	15	194 - 338	9
11	Skarbøvik	20	1	0	19	179 - 341	2

Vinner av sluttspillet: Langevåg - kretsmester.

Trenarar: Margareth Leinebø / Thea Frøystad
Oppmenn: Berit Skjelsvik / Margrethe Leine

gutter 16

avdeling A

1	Molde	14	14	0	0	330 - 183	28
2	Haram	14	10	0	4	299 - 249	20
3	Spjelkavik	14	8	1	5	262 - 233	17
4	Kristiansund	14	6	0	8	256 - 292	12
5	Rollon	14	4	3	7	254 - 266	11
6	Bergsøy	14	5	0	9	235 - 273	10
7	Ørsta	14	4	1	9	274 - 337	9
8	Stranda	14	2	1	11	221 - 298	5

Trenar: Solveig Grønbech Oppmann: Bjørn Danielsen

gutter 14

avdeling A

1	Ørsta	12	11	0	1	292 - 121	22
2	Spjelkavik	12	11	0	1	236 - 111	22
3	Molde	12	8	0	4	232 - 181	16
4	Hødd	12	5	0	7	138 - 217	10
5	Haram	12	4	1	7	173 - 192	9
6	Bergsøy	12	2	1	9	121 - 234	5
7	Volda	12	0	0	12	119 - 255	0

Trenar: Stig Vestnes Oppmann: Oddveig Håheim

10.

jenter 12 / gutter 12			avdeling A				
1	Spjelkavik	14	12	1	1	161 - 87	25
2	Spjelkavik G12	14	12	0	2	152 - 94	24
3	Rollon	14	10	0	4	159 - 84	20
4	Blindheim	14	9	1	4	135 - 102	19
5	Skarbøvik	14	9	0	5	145 - 127	18
6	Haram G12	14	9	0	5	98 - 100	18
7	Ørsta G12	14	8	1	5	127 - 109	17
8	Stranda G12	14	7	2	5	123 - 106	16
9	Bergsøy	14	7	1	6	148 - 132	15
10	Volda G12	14	5	0	9	108 - 105	10
11	Rollon G12	14	4	2	8	115 - 128	10
12	Hovdebygda G12	14	4	2	8	111 - 136	10
13	Stranda	14	2	0	12	76 - 146	4
14	Valder G12	14	1	0	13	56 - 150	2
15	Herd	14	1	0	13	43 - 151	2

Trenar: Eivind Inge Leine / Siv Vestnes
Oppmann: Margot Nørvåg

jenter 12			avdeling B				
1	Langevåg	15	13	2	0	213 - 80	28
2	Fiskerstrand	15	12	2	1	148 - 81	26
3	Spjelkavik B	15	12	1	2	170 - 69	25
4	Haram	15	11	0	4	170 - 82	22
5	Ørsta	15	10	1	4	177 - 95	21
6	Valder	15	9	0	6	149 - 95	18
7	Volda	15	8	2	5	160 - 108	18
8	Blindheim B	15	7	1	7	133 - 121	15
9	Godøy	15	5	4	6	143 - 118	14
10	Sæbø	15	6	2	7	115 - 125	14
11	Hødd	15	5	2	8	129 - 123	12
12	Åmdal	15	5	1	9	59 - 132	11
13	Stranda B	15	3	2	10	75 - 149	8
14	Ørsta B	15	3	0	12	76 - 170	6
15	Volda B	15	1	0	14	55 - 223	2
16	Bergsøy B	15	0	0	15	31 - 232	0

Trenar: Tor Chr. Holmesland / Stian G. Rødseth
Oppmann: Gerd Røren Leine

J10

Trenar: Eva Moe Oppmann: Lena S. Jgesund

MINI

Trenarar: Tor André Notøy, Antoni Vike Danielsen

BERGSØY I.L. - HANDBALLGRUPPA

Resultatregnskap sesongen 93/94

(01.05.93 - 30.04.94)

	Note	Regnskap 1/5-30/4-94	Budsjett 93/94	Avvik frå budjett	Regnskap 1992 - 1993
Inntekter					
Moteframsyning		47.875,50	45 000	2.876	50.829
Lynlotteri		27.944,60	50 000	-22.055	44.192
Kamparrangement		102.259,00	110 000	-7.741	114.273
Lossing		115.148,40	130 000	-14.852	171.195
Reklameskilt hall		36.000,00	47 500	-11.500	45.500
Handballprogram		23.700,00	30 000	-6.300	30.700
Lotteri		38.379,50	40 000	-1.621	9.763
NHF/SHK lotteri		29.869,00	28 000	1.869	28.276
Reise/treningsavgift	1	42.200,00	40 000	2.200	41.800
Sponsorinntekter		36.500,00	50 000	-13.500	58.500
Sparebank-cup		0,00	20 000	-20.000	20.925
Sommar-cup		0,00	6 000	-6.000	23.065
Andre inntekter	2	15.160,00	15 000	160	22.207
DRIFTSINNTEKTER		515.036,00	611.500	-96.464	661.225
Utgifter					
Moteframsyning		4.842,60	6 000	1.157	4.923
Lynlotteri		1.692,95	1 000	-693	657
Kamparrangement		25.222,90	45 000	19.777	43.276
Losseutgifter		9.443,00	10 000	557	3.640
Handballprogram		11.156,60	10 000	-1.157	9.138
Lotteriutgifter		9.166,60		-9.167	0
NHF/SHK lotteri		15.032,00	16 000	968	15.368
Sparebank-cup		0,00	15 000	15.000	13.131
Sommar-cup		0,00	6 000	6.000	15.880
Trenarutgifter	3	75.864,11	80 000	4.136	137.081
Leige lokaler		31.463,10	55 000	23.537	67.469
Sportsutstyr/medisin		16.144,50	20 000	3.856	15.745
Kontorrekvisita		933,50	2 000	1.067	1.863
Telefon/porto		2.129,50	5 000	2.871	3.581
Andre driftsutgifter		12.677,70	20 000	7.322	19.140
Kretsavgifter/kurs		47.013,00	40 000	-7.013	37.573
Dommarutgifter		34.547,50	40 000	5.453	40.771
Reiseutgifter	4	152.088,65	160 000	7.911	148.092
Annonseutgifter		1.825,70	2 000	174	1.808
Forsikringer lag		1.200,00	1.200	0	1.200
Andre kostnader		11.809,90	15 000	3.190	15.231
DRIFTSKOSTNADER		464.253,81	549.200	84.946	595.567
DRIFTSRESULTAT		50.782,19	62.300	-11.518	65.658
Finanskostnader		95,00			8.991
OVERSKOT		50.687,19			56.667

BERGSØY I.L. - HANDBALLGRUPPA


BALANSE PR. 30.04.94

	Pr. 30.04.94	Pr. 30.04.93
<u>Betalingsmidler</u>		
Relsekasse	1.162,00	7.600,00
Bankkto. 3909.10.12360	33.863,56	29.843,94
BETALINGSMIDLER	35.025,56	37.443,94
<u>Korts. fordringer</u>		
Kundefordringer	19.843,50	6.700,00
Andre korts. fordringer	11.999,00	0,00
Forsk. bet. kontigenter	5.500,00	18.400,00
KORTSIKTIGE FORDRINGER	37.342,50	25.100,00
SUM EIENDELER	72.368,06	62.543,94
<u>Kortsiktig gjeld</u>		
Leverandørgjeld	77.166,01	87.145,08
Skyldig skattetrekk	3.450,00	0,00
Skyldig arb.giv.avg.	1.242,00	0,00
Påløpne kostnader	0,00	9.669,00
KORTSIKTIG GJELD	81.858,01	96.814,08
Langsiktig leverandørgjeld	0,00	25.907,00
SUM KORT- OG LANGS. GJELD	81.858,01	122.721,08
<u>Egenkapital</u>		
IB 01.05.	-60.177,14	-116.844,91
Overskot i sesongen	50.687,19	56.667,77
EGENKAPITAL PR. 30.04.	-9.489,95	-60.177,14
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	72.368,06	62.543,94


6092 Eggesbønes,

30.04.94

21.05.94


Adolf Dypvik
Kassørar

Stig Vestnes
Rekneskapsførar

Astrid Jensen
Leiar


Revisor

١٠

kr.	40.165,10
kr.	85.598,55
kr.	19.746,00
kr.	6.579,00
kr.	152.088,65